

Tenesteomtale for matombringning

Føresetnad:

Det må minimum vera 20 personar som fyller vilkåra for matombringning for at tenesta vert oppretta.

Lovheimel:

For dei som er heilt avhengige av praktisk hjelp kan dette inngå som ei lovpålagt teneste. Personar som ikkje er heilt avhengige av hjelp, kan søkja om tenesta. Tenesta vil i desse tilfella er ikkje lovpålagt.

Det er eitt søknadsskjema for helse- og omsorgstenester i Øygarden kommune. Det er administrasjonen i pleie og omsorg som handsamar søknaden.

Kven skal tenesta gjelda for?

Matombringning er ei teneste til heimebuande eldre eller funksjonshemma som av ulike årsakar treng hjelp til å dekkja trongen for eit variert, næringsrikt og varmt middagsmåltid, og som har problem med å laga middag eller handla inn varer sjølv eller ordnar seg middag på andre måtar, kan få mat levert frå kommunen.

Den som ikkje kan dra omsorg for seg sjølv eller er avhengig av praktisk eller personleg hjelp for å greia dagliglivets gjeremål har krav på bistand til ernæring. Dersom det føreligg eit særlig hjelpebehov på grunn av sjukdom, funksjonshemming, alder eller av andre årsaker, vil søkjar kunne få levert middag heim.

Kva skal vilkåret for tenesta vera?

Tenesta gjeld for personar som bur i Øygarden kommune og som på grunn av sjukdom, alder eller andre årsaker har så store hjelpebehov at dei ikkje er i stand til å ta vare på ernæringsbehovet sitt.

Tenesta skal vera eit lågterskeltilbod og medverka til at personar kan bu lenger i eigen heim. Søknaden vert vurdert ut frå ei heilskapsvurdering basert på individuell kartlegging av funksjonsnivå og behov.

Dersom kommunen skal yta tenester til måltidet, vert det forventa at brukar har mikrobølgeovn som kan nyttast til oppvarming av maten.

Kva vert levert?

Det er kjøkkenet på Tednebakkane omsorgssenter som produserer og og pakkar maten. Meny følgjer same vekeplan som for omsorgsenteret. Tilbodet er kald, vakumpakka middag som vert levert heim éin eller fleire dagar i veka. Heimetenesta står for levering ut frå ein fast leveringsplan.

Det kan søkjast om middag alle dagar i veka, eller til bestemte dagar. Det må minimum bestillast mat tre dagar i veka. Søkjar må vera heime sjølv eller sørge for at andre tar imot maten ved levering.

Det kan gjerast avtale om tilpassa meny ved særskilte diettbehov.

Pris:

Brukarbetaling vert sett til kr 75 pr porsjon i 2016. Brukarbetalinga vert justert i samband med kommunen si årlege handsaming av gebyr og brukarbetaling.

Det skal betalast for all mat som vert levert. Avbestilling må skje seinast ei veke før levering. Dersom avbestillinga kjem for seint, må brukar betala for maten.